



Kvinnherad kommune, Vatn og Avløp
Onarheimslio 233

5460 HUSNES

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dato
Jon Harald Kjærland	90478841	2018/876-11	06.06.2018

Igangsetjingsløyve (Eitt - trinnssøknad) - Delegert vedtak

Tiltak:	Ny hovedvassleidning 180 mm samt tilhøyrande kummar.
Gnr/bnr:	110/1, 2 og 109/3
Byggestad/adresse:	Myklebustvegen 4, 5464 Dimmelsvik
Tiltakshavar:	Kvinnherad kommune, Vatn og Avløp, 5460 Husnes
Ansvarleg søkjar:	Kvinnherad kommune, Vatn og Avløp, 5460 Husnes
Matrikkel:	

Delegert vedtaksnr.: 2018/276

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) §§ 20-1, 20-3 vert søknad journalført 13.04.2018 og tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, gjennomføringsplan og erklært ansvarsrett for Kvinnherad kommune, Vatn og Avløp, Husnes; (SØK, PRO og UTF t.kl. 2).

Vilkår:

Tiltaket kan igangsetjast straks.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

- Plassering: Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn og miljøkrav og tekniske krav.
- Nabovarsel: Det er dokumentert grunnavalar med grunneigar som vert råka av tiltaket.
- Ansvar: Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.

- Estetikk: Tiltaket har god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.
- Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.
- Kulturminne: Ingen registreringar i området.
- Landbrukskontoret har ingen merknad til plasseringa.

Merknader

- Dette løyvet er sendt til ansvarleg søkjar som skal varsle utførande og kontrollerande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande leggja til rette for gjennomføringa av kontrollen.
- Rekning for saksbehandlorgebyr ifølge vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Søknad om ferdigattest med oppdatert gjennomføringsplan og sluttdokumentasjon må sendast kommunen i samsvar med PBL § 21-10 når tiltaket er ferdig. Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattesten eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For rådmannen i Kvinnherad

Jon Harald Kjærland
Sakshandsamar

Kopi til:

Tiltakshavar
Referatsak forvaltningskomiteen
Matrikkelen
Sektor for miljø og teknikk
Landbrukskontoret